



**Fjord**  
kommune

## Viktig informasjon om koronavaksinen

Du er prioritert i den nasjonale køa for koronavaksine.  
Les grundig gjennom, fordi dette er viktig informasjon til deg.

Du får denne informasjonen sidan det nærmar seg tidspunkt for at du kan få vaksinen.

### **Slik utfører vi koronavaksinasjonen i Fjord:**

1. Du får ei tekstmelding (SMS) på telefonen din.
2. Du må sjølv bestille tid for vaksinerings etter at du har mottatt SMS.
3. Du vil bli vaksinert i to omgangar.
4. Vaksinasjonen vil førebels skje i idrettshallen på Martin Linge-huset.
5. Du må sjølv sørge for transport til vaksinasjonsstaden
6. Ha på klede som gjer at overarma di er lett tilgjengeleg
7. Set av tid på vaksinedagen, heile prosessen tek om lag ein time
8. Du kan takke nei til vaksinen

### **1 Du får ei tekstmelding (SMS) på telefonen din**

Når det nærmar seg di tid for vaksinasjon, får du ei tekstmelding på telefonen din med informasjon om korleis du skal bestille time for vaksinerings.

### **2 Du kan sjølv bestille tid for vaksine på [www.c19.no](http://www.c19.no)**

Det er viktig at du bestiller tid for vaksinen så snart som råd etter du har mottatt tekstmeldinga. Du må ha tilgang til internett og BankID.

Det er ikkje mogleg å bestille vaksinasjon før du har mottatt tekstmeldinga.

Logg inn på [www.c19.no](http://www.c19.no) med BankID (be eventuelt pårørande om hjelp).

Du får tildelt eit tidspunkt frå kommunen.

Dette tidspunktet er det viktig at du respekterer.

### **3 Du kan få hjelp til å bestille tid for vaksine**

Ein av dine pårørande kan logge seg inn med eigen bank-id og bestille på vegne av deg. Eller du kan ringe tlf. 418 67 823 måndag – fredag kl. 09 – 14 for bistand.

#### **4 Du vil bli vaksinert i to omgangar for full effekt**

Når du har fått første vaksine, vil du automatisk få tidspunkt og dato for neste dose frå kommunen. Denne informasjonen får du på SMS innan 24 timer etter første vaksinasjon.

Det er viktig at du møter opp til det tidspunktet du har fått.

#### **5 Vaksinasjonen vil førebels skje i idrettshallen på Martin Linge-huset**

For din eigen tryggleik brukar Fjord kommune førebels idrettshallen på Martin Linge-huset til vaksinasjonen. Dette er eit stort lokale der vi kan vaksinere mange på kort tid, samtidig som vi kan ta godt vare på smittevernet. Hallen blir delt opp i ulike båsar og og inngangar. Du får informasjon om kva inngang og bås du skal møte opp i når du bestiller vaksinen på [www.c19.no](http://www.c19.no). Du vil også få denne informasjonen på SMS.

#### **6 Transport**

Av omsyn til smittevernet skal du møte opp åleine, eller i lag med dei du bestilte saman med. Du må sjølv sørge for transport til vaksinasjonslokalet. Om du har behov for at nokon følgjer deg må denne personen registrere seg når de kjem til vaksinasjonslokalet.

#### **7 Klede**

For god flyt i vaksinasjonslokalet bør du ha klede som gjer overarma di lett tilgjengeleg, til dømes ei t-skjorte.

#### **8 Set av tid**

Etter at du har fått vaksinen skal du skal sitje på stolen din i 20 minutt for at helsepersonell skal kunne observere deg og hjelpe deg hvis det skulle oppstå ein reaksjon av vaksinen.

#### **9 Ønskjer du ikkje vaksine?**

Vaksinen er frivillig, og du kan takke nei.

Du må då logge inn på [www.c19.no](http://www.c19.no) for å bekrefte at du ikkje ønskjer vaksinen, eller få hjelp med andre, sjå punkt 3.

#### **Informasjon om koronavaksine frå Folkehelseinstituttet**

Koronavaksine vert først og fremst anbefalt for å beskytte personar som risikerer alvorleg forløp av covid-19 (risikogrupper). Det er uvisst i kva grad personar som har gjennomgått covid-19 er immune mot sjukdommen, og kor lenge ein slik beskyttelse varer. Ut frå den kunnskapen vi har i dag rår vi til at også personar som tidlegare har gjennomgått covid-19 vaksinerer seg, under føresetnad av at dei er i fin form og ikkje

har seinverknadar av sjukdommen. Det vert anbefalt at koronavaksinen vert gitt tidlegast 3-4 veker etter at ein er symptomfri.

Ikkje ta koronavaksine ved:

- Kjent allergi mot nokon av innhaldsstoffa i vaksinen
- Akutt infeksjonssjukdom med feber over 38°C

Vi anbefalar at alle som får tilbod om vaksine mot korona benyttar seg av dette. Vaksinen vert sett på som både trygg og effektiv.

## **Korleis bestille time for vaksinasjon:**

Når du får tekstmelding (SMS) frå kommunen vil det sei at du har høve til å bestille ein time for vaksinasjon. Om du ikkje har mobiltelefon, vil vi ringe deg og informere om at det no er slik at du kan bestille.

**Steg 1:** Opne ein nettlesar (Der du for eksempel kan lese VG.no), i adressefeltet på toppen av skjermen, gå til: [www.c19.no/vaksine](http://www.c19.no/vaksine)

**Steg 2:** Trykk på «Bestill time til koronavaksinasjon»

**Steg 3:** Logg inn med ID-porten, dette kan vere med vanleg bank-id eller bank-id på mobil.

**Steg 4:** Vel fylke: «Møre og Romsdal» Vel kommune: «Fjord»

**Steg 5:** Vel «Meg selv», om de er fleire i husstanden som har fått tekstmelding frå kommunen, så kan de her velje «Meg selv og for noen andre». Dette sørger for at de får sete saman.

**Steg 6:** Fyll inn mobiltelefon vi kan nå deg på, om du ikkje har mobiltelefon, skriv inn fasttelefonnummer, har du heller ikkje dette, skriv «Har ikke». Om du bestiller for deg sjølv og nokon andre, så må både namn, fødselsnummer og telefonnummer fyllast ut for alle bestillinga gjeld.

**Steg 7:** Trykk på «Send inn timebestilling».

**Steg 8:** Du har no bestilt deg ein time for koronavaksinasjon. Du har fått tildelt eit tidspunkt, inngang, bås og sete for vaksinasjon. Det er viktig at du skriv ned denne informasjonen og les kvitteringsteksta godt.

## Korleis takke nei til vaksinasjon

Å takke nei kan gjennomførast rett etter mottak av tekstmelding (SMS).

**Steg 1:** Åpne ein nettlesar (Der du for eksempel kan lese VG.no), i adressefeltet på toppen av skjermen, gå til: [www.c19.no/vaksine](http://www.c19.no/vaksine)

**Steg 2:** Trykk på den raude knappen: «Takk nei til koronavaksinasjon»

**Steg 3:** Logg inn med ID-porten, dette kan vere med vanleg bank-id eller bank-id på mobil.

**Steg 4:** Les og kryss av på opplysningane om konsekvensane av å takke nei til vaksinasjon.

**Steg 5:** Trykk på knappen: «Takk nei til koronavaksinasjon»

Etter dette er gjennomført vil du ikkje lenger vere prioritert eller ha moglegheit til å bli vaksinert for Covid-19 i regi av Fjord kommune. Fjord kommune oppfordrar alle innbyggjarar utan sterke grunnar (Som allergi mot komponentar, reaksjonar mot tidlegare like vaksiner osv.) til å ta denne vaksina.